


Referat Hageforum og Nettverksmøte i Nasjonalt Museumsnettverk for Kulturlandskap

Oslo 4. – 5. februar 2016



UiO • Naturhistorisk museum



Gamle Hvam Museum



Samling i Hageforum

Torsdag 4. februar 2016

Stad: Naturhistorisk museum på Tøyen

Velkommen ved Marie Pettersson, koordinator for Nasjonalt Museumsnettverk for Kulturlandskap og Cecilie Webb, seksjonsleiar for «utadretted virksomhet» ved Naturhistorisk museum

NB! Alle power-point-presentasjonar frå første dagen ligg på heimesida til Kulturlandskapsnettverket
www.kulturlandskapsnettverk.museum.no/

Forvaltningsplaner og skjøtselsplaner – hva skal de innehelde?

May-Britt Håbjørg, seniorrådgjevar ved Seksjon for bygningsvern og kulturminneforvaltning, Riksantikvaren.

Tok først føre seg definisjonar og skilnader på forvaltningsplanar og skjøtselsplanar og gjekk så litt meir i djupna på dei enkelte planane.

Forvaltningsplanar er eit styringsverktøy som skal oppretta og oppretthalda målet med området. Ein slik plan skal innehalda

- Mål for forvaltninga. Målet skal bidra til å oppretthalda og styrke verdiane i området.
- Tydeleggjera kulturhistoriske verdiar. Kva verdiar finst i området? For at verdiar ikkje skal gå tapt må ein sjå på kontekst, historie, status, endringar over tid o.l.
- Skal synleggjera moglegheiter og avgrensingar. Ein må jamføre den historiske delen med dagens situasjon. Korleis framstår anlegget i dag, kva finst att og kva tilstand er det i? Ein må også sjå på den tidlegare bruken og dagens bruk, det kan vera konfliktar mellom desse.

- Skal gje retningslinjer
Skjøtselsplanar er verktøy for regelmessig stell. Skjøtselsplanen skal sikre god og jann vekst og utvikling av vegetasjon, stigar, parker etc. og skal oppretthalda ein ønska tilstand. Målet for skjøtselen er med andre ord forankringa i forvaltningsplanen og vert formulert i skjøtselsplanen. Strukturen på dei to planane er nokså lik, men det kan vera lurt å dela inn skjøtselsplanen i ulike delområde eller element.

Begge planane er dynamiske og bør reviderast jamleg.

Riksantikvaren har arbeidd med både forvaltningsplanar og skjøtselsplanar for anlegga sine. Dei har utarbeidd ein mal til forvaltningsplan av grøntanlegg. Denne skal vera eit hjelpemiddel, men må tilpassast kvart enkelt verneområde/ freda område. Det er også lov for andre å bruka malen. Du kan bruka den til ditt område og ta ut dei delane som passar for ditt bruk. Finn passande nivå!

Nokre dokument som kan vera til hjelp i arbeidd med planar:

- Mal til forvaltningsplan av grøntanlegg:
<http://www.riksantikvaren.no/Prosjekter/Landsverneplaner/Dokumenter>
- Norsk standard NS 3420 ZK
- Informasjonsark 2.2.2 Gamle hager: undersøkelse og restaurering
<http://www.riksantikvaren.no/Veiledning/Publikasjoner/Informasjonsark-og-brosjyrar/Kulturlandskap>
- Maria Flinck *Historiska trädgårdar – att bevara ett föränderligt kulturarv* (Svensk bok)

- Naturbase
<http://www.miljodirektoratet.no/no/Tjenester-og-verktøy/Database/Naturbase/>
- Artsdatabanken
<http://www.artsdatabanken.no/>

Forvaltninsplan for Bygdø Kongsgård

Annegreth Dietze-Schirdewahn, professor ved ILP – Landskapsplanlegging, NMBU.

Med det forrige føredraget som bakgrunn fekk vi her sjå eit praktisk døme frå Bygdø Kongsgård. I fjar starta dei opp arbeidet med ein forvaltningsplan. Ein slik plan har trong for ulike kunnskapsnivå. Fagområde som historie, arkeologi, botanikk og anleggsteknikk er alle involverte. Ein arbeider og med ein kulturarv som er dynamisk over både sesong og tid.

Bygdø Kongsgård er freda etter både kulturminnelova og naturmangfaldslova. Det er første gongen i Noreg som ein har denne kombinasjonen. Det kan vera ulike interessekonfliktar her. I tillegg må ein ta omsyn til ønskjer frå grunneigarar og Norsk folkemuseum.

I arbeidet med forvaltningsplanen har ein delt området inn i ni delområde (med litt overlapping). Delområda kan vidare vere inndelt i deleiningar. Omtalen for kvart område er strukturert slik:

1. Avgrensinga til området
2. Historia til området. Dette har ein illustrert med kart, biletet og nyare tid med flyfoto og foto. Ved å kombinera desse kjeldene kan ein syna historia på ein illustrerande og forståeleg måte.
3. Spesielle verdiar – det kan vera både kulturhistoriske og naturverdiar. T.d. spesielle element som ein vil lyfta fram som særskilt viktige.

4. Målsetjing. Denne er overordna og langsigting, t.d. «Oppretthalde og attskape 1800-talets landskapsfunksjon og –uttrykk på bakgrunn av området si historie»

Det vil alltid vera spesielle utfordringar som ein må ta omsyn til. På Kongsgården er nokre slike utfordringar parkvegetasjon, beitepress, tendens til attgroing, eksisterande stinett som må utarbeidast og nyestableringar.

Ettersom området er freda, er det i planen viktig å seia kva som er søknadspliktig og ikkje. Nokre tiltak kan ein gjera utan at det har noko å seia, medan andre må ein søkja om å få utføra eller søkja om dispensasjon.

Hvordan se forskjell på gamle og nye hageplanter, og hvorfor er det så viktig?

Mari Marstein, konservator ved MIA – Museene i Akershus.

På Museene i Akershus er det fleire avdelingar med hagar. Dei varierer etter korleis dei er utforma og etter kva dei skal formidla. Døme på hagar er:

- Gamle Hvam – har ikkje ein autentisk hage, men ein har heller samla inn planter frå regionen og prøvd å laga bed som ville vera naturleg i ein slik hage. Det er altså kvar enkelt plante som fortel si historia.
- Villa Sandmo er ein typisk hage frå slutten av 1940-åra. Plantene er her typiske «bytte-planter» som er hardføre og finst i mange norske hagar.
- Asker museum har to hagar: Valdstadfamilien sin hage og Garborgs hage. Begge var tidlegare private hagar som no er vorte til museum. Det er her viktig å ta vare intensjonen med hagen og vera medviten om kvifor ein tek vare på den.

Gamle hageplantar skal takast på like stort alvor som andre historiske objekt. Hageplantane har endra seg gjennom tid. Nye artar og kultivarar er eit resultat både av naturlege kryssingar av planter som er plassert nære kvarandre, og gjennom at ein medvite har dyrka fram nye og ønska eigenskapar. Mari hadde døme om silkepionar: Dei franske og engelske artane var eldst og hadde bleike farger. Dei amerikanske, med sterke farger og former, kom ikkje før eit godt stykke ut på 1900-talet. Desse vil såleis vera feil å ha i ein norsk hage frå 1800-talet. Eit anna døme er iris. Irisen frå 1800-talet er enkle og små. Etter særleg 1963 var det mykje større variasjon i form og farge.

Gamle sortar er ein kulturarv med mange trugsmål knytt til seg. Dersom ein ikkje er medviten på dette, er det tilfeldigheiter som gjer at dei vert tekne vare på. For at forvaltning i hagar, grøntområde og botaniske hagar ikkje skal vera personavhengig, er det viktig med forvaltningsplanar.

Les meir på eigne ark frå Mari Marstein

Et norsk forum for hagehistoriske gartnere?
Ingeborg Sørheim, kunsthistoriker, lærer på Vea fagskole, gründer og ildsjel presenterer sine tanker, som vi diskuterer.

Vea fagskule har ein 1-årig etterutdanning for gartnarar; Historiske hagenanlegg. Ingeborg Sørheim har vore med å bygge opp dette kurset og det første kullet er no ferdig utdanna. Mellom elevane har det vore mange dyktige gartnarar med mykje kunnskap og erfaring. I utdanninga inngår forståing for historiske hagar og praktisk arbeid. Det er samarbeid med ulike aktørar t.d. hagehistorisk marknad på Sveinhaus gård, Norsk håndverksinstitutt med beskjering av lignosar og ulike hagar der dei utfører praktiske oppgåver.

I Sverige finst ein motsvarande utdanning for gartnarar; Trädgårdens och landskapsvärdens hantverk. Med utgangspunkt i dette fagmiljøet har gartnarar i historiske anlegg danna eit nettverk. Kvart år har dei ein to-dagars konferanse. I Sverige er det også fleire skjøtselsprosjekt med tanke på å utvikla gode metodar for antikvarisk skjøtsel. Døme: Etterarbeid – kva er best, sopelime eller plastrive?, klipping av hekk – handsaks eller elektronisk?

Vea har så teke initiativ til eit norsk nettverk. Tanken er drøfta i ei arbeidsgruppe, og første møtet vil vera på *Vea 1. april 2016*.

Orientering frå deltakarane: Den immaterielle kulturarven er viktig å ta vare på. Norges Museumsforbund har seminar *3.-4. mars 2016: Museet som arena for utøving av immateriell kultur*.

Hva er Norsk genressurssenter og hvordan kan de støtte og samarbeide med nettverk for kulturlandskap?
Morten Rasmussen, seniorrådgiver ved Norsk genressurssenter, NIBIO.

Vi fekk fyrst ein introduksjon kva Norsk genressurssenter er for noko. Kva dei arbeider med og kva dei står for. Det siste året har det vore ein del omstruktureringar i og med at dei og Skog og Landskap har gått saman i NIBIO. Nytt frå 2016 er at landbruksdirektoratet administrerer utlysing av midlar.

Ein av dei mange gjeremåla Norsk genressurssenter utfører er å ta vare på plantegenetisk variasjon. Det skjer ved:

- Frø – NordGen
- Vegetativ – klonarkiv
- Ville slektnigar

Eit prosjekt dei har gått i gang med, er eit samarbeid med Færder nasjonalpark for å ta

vare på planter *in situ*, dvs. bevaring på arten sin naturlege veksestad.

Eit anna prioritert område er engene. Norge har eit spesielt ansvar for å ta vare på grasmarksplanter og vekster fordi dei er norske. Dei har eit eige beskyttelse- og finansieringssystem.

Eit klonarkiv finst på 21 stader i Noreg. Her kan musea vera viktige samarbeidspartnarar. Museum er også viktig for demonstrasjon og undervisning.

Plantearven er eit konsept for å ta vare på tradisjonelle sortar og norsk plantehistorie. Det vert delt ein årleg pris.

Kort oppsummert ønskjer Norsk genressurssenter meir samarbeid med museum. Spesielt innanfor følgjande område:

- Informasjon og dokumentasjon
 - Kulturhistorie
 - Tradisjonskunnskap
- «Den gode historia» er
 - Sann
 - Fagleg korrekt
 - Veldokumentert
- Informasjonssystem



Nasjonal frøbank for truete arter.

Studiebesøk.

Kristina Bjureke, universitetslektor ved Naturhistorisk museum, UiO og Oddmund

Fostad, overgartner ved Naturhistorisk museum.

Naturhistorisk museum samlar inn frø frå norske plantar. Vi fekk eit innblikk i korleis arbeidet går føre seg. Vi besøkte to ulike rom.

Når dei samlar inn frø, vert dei samla inn i eigenlaga papirposar. Kvar pose skal merkast med art, dato, lokalitet med geografiske koordinatar og kven som har samla inn frøa. Attende på museet skal frøa sorterast og oppbevarast. Dei vert oppbevart i turkeskåp der temperatur og låg luftfuktighet er viktig.

Naturhistorisk museum treng frø både til å erstatte eigne planter som dør og til internasjonalt frøbytte. Det er laga ein eigen frøkatalog slik at andre botaniske hagar rundt om i verda kan tinge frø fra dei. Når dei tilbyr frø til byte kan dei tinge frø dei treng frø fra andre botaniske hagar. Ein plante som er ettertraka, og som dei kan ha vanskar å få inn nok frø, er linnea.

Naturhistorisk museum er også ansvarlege for å ta vare på truga og sårbare planter *ex situ*. På NHM ligg den «Nasjonale frøbanken for truete plantearter for Norges fastland». Frø vert turka og stelt og etterpå fryst ned og oppbevart på minus 20 grader. Innsamlinga skjer i samarbeid med dei andre botaniske hagane i Noreg og gode feltbotanikar. Museet må også sjå til at frøa er spiredyktige. Dei dyrkar difor fram planter frå frø. Dei har ein spesiell inkubator der dei kan regulere tal timar med lys og temperatur. Til dei fleste frø vert det nytta ein standard, men alle frø spirer ikkje når ein brukar denne. Så langt nord som vi er, har frø tilpassa seg lange, lyse dagar og lågare temperatur. Naturhistorisk museum har akkurat fått eit nytt skap som dei kan ha slike frø i.

Oldemors hage – oppbygging, formidling, dokumentasjon, vedlikehold og tankene bak
Kristina Bjureke og Mari Marstein

Oldemors hage skal ta vare på den grøne kulturarven. Plantene i hagen er samla inn fra Austlandet. Kravet ved start var at det skulle vera påvist at planten fanst før år 1950. Om ein i framtida skal framskunde dette tidspunktet er ikkje avklara. Plantene er representative for hagane på Austlandet, men også nokså typiske for heile landet. Kring hagen finst også frukttre og humle. I hagen har ein også plassert typiske element som pumpe, paviljong, lysthus av syrin og området er inngjerda av stakitt.

Museet har hatt langt samarbeid med Geriatrick ressursenter i Oslo kommune. Både ved utforming av hagen (sløyfe, helling etc.). Den er også utforma som ein sansehage. Ein har opplegg for demente. Møter Med Minner (MMM)- ved å la demente smake, lukte og sjå, kan det vekke minne frå barndomen hjå dei. Det kan også stimulera til at dei fortel frå in eigen barndom.

Alle planter har informasjonsskilt. Planter som dei har fått frå privatpersonar har fått eit nummer der namn o.l. berre finst i databasen.

Diskusjonar/kommentrarar:

Ville planter – det var vanleg å henta planter

frå naturen. Ofte tok ein kanskje dei største individua. Dersom ein tek avleggarar frå denne har ein etter kvart fått ein hagekulturivar som er større, anna farge etc. enn sin ville slektning.

Aurikkel – må ha ny jord kvar 2-3 år

Floks – er utsett for turkestress (førretrekk vatn under ifrå) og får då lett mjøldogg.

Skvallerkål – den kan haldast nede ved å fjerna alt som er over bakken.

Astrid Matland har starta ei facebookgruppe: forum for hagehistorie

Omvising i det norske herbariet på Lids hus/Botanisk museum

Kristina Bjureke

For dei som hadde lyst var det høve å få ei omvising i herbariet. Her finst planter frå heile verda, men sjølvsagt flest frå Noreg. Vi fekk ein introduksjon korleis dei arkiverte og jobba med materialet. Det var også ein dialog om korleis nye teknologiar endrar innsamling og nye moglegheiter til bevaring.

Dagen vert avslutta med middag på Olympen (Lompa).



Nettverksmøte

Fredag 5. februar 2016

Stad: Bygdø Kongsgård

Velkomst v/ Marie Pettersson

Orienteringar frå deltagarane

Alle deltagarane presenterte seg, fortalte kva dei jobba med no.

Katarina frå Svinvik arboret hadde eit litt lengre innlegg der ho fortalte om tre konkrete prosjekt:

- 1) Kartlegging og restaurering av frukthagen. Hagen vart etablert på 40-talet, men mykje har gått tapt sidan den gong. På 80-talet var det også levert poda kvistar til Ås, men også desse er det få att av. Det gjeld no å kartlegga alt som er att. Dei har også byrja å kultivere tre på Svinvik arboret for å erstatta dei som er vekke. Det er ope hus for besökande.
- 2) Oppføring og marknadsføring av rhododendron.
- 3) Jacob Tokles dagbok. Dette er eit fellesprosjekt i Nordmøre museum som nesten er ferdig. Jacob Tokles skrev i si tid ei dagbok der han m.a. omtalar over 1000 artar. Svinvik arboret si oppgåve i dette arbeidet har vore å tolka alle lokale namn til rådande artsnamn. Det er planar om å publisera ei bok til våren om dette.

Vivian Stølen på Dømesmoen etterspurde rabarbra. Ho har eit prosjekt saman med Genresurssenteret der ho samlar rabarbra og ønskjer fleir sortar. Gjerne planter med ei eller anna historie knytt til den.

Orientering frå sekretariatet

I løpet av første del av 2016 skal Kulturrådet ha samtaler med ansvarsmuseum for faglege nettverk. Føremålet er å kartlegge og analysera nettverka sin status, mål og aktivitet. Samtalane vil danne grunnlaget for vidare strategi for utvikling av dei fagelege nettverka. Kulturlandskapsnettverket hadde sitt møte med kulturrådet den 21. januar.

Nettverk for kulturlandskap fekk skryt for god aktivitet og stort nettverk, fint at mange engasjerer seg.

Nettverket var oppteken av at gulrota til å søkja på prosjektmidlar gjennom Kulturrådet nesten er borte. Det er i stort sett ikkje noko midlar i 2016. Litt meir i 2017, men det er vanskelege satsingsområde for Kulturlandskapsnettverket sin del.

Nettverket 2016 – 2017

Kva skal nettverket jobba med dei neste åra? Det vart presentert fire ulike prosjekt som kan vere aktuelle:

1. Forvaltningsplanar v/ Mari Marstein, Gamle Hvam

Med bakgrunn i diskusjon på torsdag om forvaltningsplanar og trøng for slike mange stader, vil det vera fint om fleire museum kunne gå saman og samarbeide om utforming av forvaltningsplanar og gje innspel til kvarandre sine planar. Til dømes skal Akershusmuseene i gang med forvaltningsplanar og skjøtselsplanar med mål om å vera ferdige i 2017. Dei kan gjerne tenke seg samarbeid.

2. Forskinsprosjekt om heiføring av sau, utmark v/ Anne Jorunn Frøyen, Jærmuseet

Jærmuseet har starta opp eit prosjekt der dei dokumenterer heiføring av sau. Drifting har tradisjon i fleire hundre år i distriktet og kan delast inn i tre fasar:

Fase 1: 1830-1840 som er etablering av «transhumans». Dette er ei driftsform der flokkar av dyr med gjetar flyttar seg regelmessig langs ei definert rute. Denne typen gjeting er kjent frå fleire stadar, ikkje minst frå Middelhavsområdet.

Fase 2: 1840-ca 1900. Legegjeting. Her flytta ein sau mellom ulike leger. I denne perioden har ein gjetarar mot ville dyr

Fase 3: 1900- ca 1980 ein har her styregjeting. Her vart ein «heiasjef» tilsett. Det var han som førebudde heia for beiting, henta sauene, førte tilsyn av dei og på hausten dreiv sauene attende til bøndene.

Jærmuseet har tidlegare sett på denne historiske delen og no skal dei følgja opp med notid. Korleis jobbar sauebøndene i dag? Det er ønskje om å jobba ilag med andre museum.

3. «Kokebok» for tradisjonskunnskap v/ Leif Hauge

På tidlegare prosjekt i nettverket har eit mindre tal museum vore aktive. Leif har lurt på om det ikkje går å ha eit prosjekt som involverer fleire museum. Han lanserer difor prosjektet «kokebok for tradisjonskunnskap». Han illustrerte det med kokeboka *Fjordamat*. Boka tek føre seg ulike tema; korn og mjøl, mjøl og ost, kjøtmat, grønsaker og urter... Desse tema vert så presenterte med ulike ingrediensar, historie og oppskrifter. Skulle ein kunne gjera på likeins måte innafor tradisjonskunnskap? At kvart museum har ansvar for å gjennomføra, rekonstruera og dokumentera aktuelle prosesser på sitt museum? Alle desse prosessane og elementa

skulle så presenterast i ei eiga bok og/eller i andre formidlingsformer.

4. Tradlab v/ Anne Kristin Moen

Arbeidsgruppa som arbeidde med handlingsplanen diskuterte i si tid eit prosjekt som fekk nemninga *Den levende tråden gjennom Norge*. Kort gjekk dette prosjektet ut på bruk av ulike fibrar, der ein går igjennom heile prosessen frå råvare til ferdig produkt. Kvart museum kan såleis jobba med eit tema som ligg dei nært og denne er ein brikke i eit større puslespel. Prosjektet tek føre seg både dokumentasjon og vidareformidling av handboren tradisjon. Folkemuseet i Oslo har hatt eit liknande prosjekt som dei kallar Tradlab. Tradlab har delar som er både godt synlege og andre som er mindre synlege for utanforståande. Dei synlege fekk vi sjå litt inne på sjølve Norsk folkemuseum etter lunsj. Anne Kristin Moen viste nokre av dei mindre synlege delane under økta før lunsj.

Konklusjon

Mange var samde i at nettverket ville ha godt av eit samarbeidsprosjekt, og dei fleste var samde om at ideen om ei «kokebok for tradisjonskunnskap» var det prosjektet som nok ville fenga flest museum. Det var eit prosjekt der ein kunne samla både museum med både jordbruksbakgrunn og hagebakgrunn. Det ein må tenkje på er at det er ein raud tråd gjennom heile prosjektet og ikkje sprikande i mange retningar. Ein kan vurdera å ha fleire hefte. Gruppa kom ikkje til konklusjon kva tema ein skulle ha, men ei gruppe skulle jobba vidare med dette. Seinare under dagen var det konkludert at det vert sett ned ei arbeidsgruppe samansett av

- Marit A. Jensen, Havrå
- Anne Jorunn Frøyen, Jærmuseet
- Mari Marstein, Gamle Hvam

For å få tak i kva dei ulike musea jobbar med kunne kvart enkelt museum senda inn ein «cv-profil». Dette vil også vera ein del av tiltak

som står i handlingsplan – ein kunnskapsbank der ein oppdaterer heimesida med kva ulik kunnskap som finst på musea.

Trass i at nettverket først og fremst vil konsentrera seg om «kokebok-prosjektet» er det ikkje noko i vegen at nokre museum jobbar med dei andre alternativa.

Lunsj

Omvising/ Formidling av Bygdø Kongsgård – Norsk Folkemuseum

Friluftsmuseet er frå tidleg 1900-talet, og har hatt tradisjon for å visa gamle bygningar med tilhøyrande utstillingar. Det har no vore etablert eit prosjekt for å synleggjere bøndene og trekke fram heile garden, både som bu- og driftseining. I bygningane knytte til sau, ku, hest og løe har ein laga utstillingar om reiskap og andre objekt.

I utforminga av utstillingane har ein valt å utforme dyr i metall, plassere store foto og stille ut nokre reiskap knytt til dyr eller bruken av bygningen. Utstillingsobjekta er opplyste av lys/spottar. Ein har utarbeidd skilt med lys for å gjera informasjonen meir lesarvenleg. På skilta får ein illustrert kulturlandskapet med bilet. Det har vore ein viss kostnad å få straum til husa.

I eit av tuna prøvar ein å levandegjere miljøet ved å la «en dreng og en pige sove der». Her har ein laga dyremodellar av tre. I tunet har ein opparbeidd eit nytt treskegolv. Gjerde er også viktige, desse er laga etter opplysingar frå NEG (Norsk Etnologisk Gransking) sine spørjeskjema. På sikt skal ein også opparbeide ei slåttemark.

Utanfor sjølve folkemuseet ligg gartneriet. Dette er eit pilotprosjekt i forvaltningsplanen

for Kongsgården. Sommaren 2014 byrja ein reetablere gartneriet. Gartneriet er kulturmiljøfreda.

Historia til gartneriet strekkjer seg frå midten av 1800-talet til etter andre verdskriga. Det var først drivhuset til Oscarshall. Drivhuset erstatta det som brann ned på Kongsgården. I gartneriet oppbevarte ein t.d. eksotiske planter.

No ønskjer ein på ny ha drivhus her. Tanken er å ha eit økologisk hagesenter med ulike aktivitetar som kurs, sal av planter og kafé. På området finst fleire bygningar, og nokre er tenkt til som kontorplass til eksterne, «grøne» folk. Andre bygningar skal ha hyblar. Det finst også ein hønsegard. Det er planlagt å opparbeide ein allé med kirsebærtre med auriklar under. Det er også etablert ein frukthage i samarbeid med Plantearven. Langs ein sti på nedsida av gartneriet skal det plantast druer.

Ved sjølve gartneriet har ein hatt utgravingar for å finne det gamle oransjeriet. Ein har funne murar, fyringsanlegg m.m. og fått dokumentert dette.

Avslutting

Dagen vart avslutta der den starta. Her vart det ein kort oppsummering med nedsetjing eit arbeidsutval som skal støtte sekretariatet, sjå konklusjon før lunsj.

Ein diskuterte også samlingsstad for neste år. Det var nokre ynskje om å sjå urtehagar og plantesamlingar. Det var også fleire som ønskte å sjå Møre. Ein diskusjon var om det gjekk å kombinera t.d. Svinevik Arboret og Ytste Skotet eventuelt med Ringve. Det er eit alternativ ein skal utgreie før ein konkluderer.

